



Nordplan AS
Tlf: 57 88 55 00
post@nordplan.no
www.nordplan.no

Regional handelsføresegn legg rammer for nytt bruksareal for handel i Sogn og Fjordane. Nordplan har vore engasjert av Sogn og Fjordane fylkeskommune i samband med rullering av delar av Fylkesdelplan for arealbruk i Sogn og Fjordane, tilknytt arbeid med handelsføresegn for fylket. I nært samarbeid med Fylkeskommunen har Nordplan vore ein aktiv bidragsytar i arbeidet med kunnskapsgrunnlag og vurdering av endringar i gjeldande handelsføresegn. I tillegg har vi hatt ansvar for utarbeiding av konsekvensutgreiing av føresegna.

Handelsføresegna underbygger målet om kompakte sentrum og redusert byspreiing ved at all handel skal skje innanfor ei vedteken sentrumsavgrensing. Forslaget til ny handelsføresegn opnar ikkje for handel utanfor tettstadar, noko som er ulikt gjeldande føresegn. Ved å lokalisere all handel i sentrum styrkar ein utviklinga i sentrum og unngår konkurranse frå satellittar utanfor sentrumsområde.

Regionsenter og BAS-senter har fått ei særskilt rolle i føresegna for å styrke dei særskilt mot handelslekkasje.

Byggherre:	Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Oppdrag:	Regional handelsføresegn
Fagområde:	Regional planlegging, konsekvensutgreiing
Stad:	Sogn og Fjordane fylke
År:	2019